

Protokoll for årsmøte i Odda Mållag søndag 24. februar 2019 kl. 18.00

Møtestad: Ungdomshallen i Odda

Det var i alt 15 frammøtte. Årsmelding og innkalling med program for årsmøtet var på førehand sendt ut til alle medlemmer i laget.

Leiar i laget, Knut O. Dale, ønska velkomen og gav verbale blomar til Harry Solberg og redaksjonsnemnda for Odda i Manns Minne sitt arbeid.

Sakliste:

- 1. Godkjenning av innkalling og sakliste**
Ingen hadde merknader. Samrøystes godkjent.
- 2. Val av ordstyrar, skrivar og protokollunderskrivarar**
Leiar gjorde framlegg om Kristen D. Eitrheim som ordstyrar, Harald Jordal som skrivar (protokollist) og Vigdis Knudsen og Sigrid E. Lerbak som protokollunderskrivarar. Dei vart valde.
- 3. Godkjenning av årsmeldinga for 2018**
Då meldinga var lang og utsendt til alle på førehand vart den ikkje lesen opp. Årsmeldinga for 2018 vart samr. vedteken.
- 4. Godkjenning av rekneskapan for 2018.**
Rekneskapan vart delt ut ved saksopptak. Revisor Gerd K. Hereide las den opp og gjorde greie for den, samt las opp revisjonsmeldinga. Samla utgift kr 235 810,- og eit overskot på kr 16 949,-
Samr. vedtak: Rekneskapan for 2018 vart samr. vedteken.
- 5. Val av styre**
Olav Tveita la fram innstillinga frå valnemnda.

Styret:

Leiar Knut O. Dale (attval for 1 år)

Harald Jordal (attval for 2 år)

Håkon Tverdal (attval for 2 år)

Harry Solberg (ikkje på val)

Solveig Grønlien (ikkje på val)

Varafolk i rekkje til styret

1. Ingvild Jøsendal (attval for 1 år)

2. Astrid Alfredsen

3. Marit Bleie Mannsåker (attval for 1 år)

Alle forslag frå valnemnda vart valde med handklapp kvar for seg.

6. **Val av valnemnd**
Slik valnemnd vart samr. vald: Sigrid E. Lerbak (leiar), Olav Tveita og Ingebjørg Sekse.

7. **Val av revisor.**
Gerd K. Hereide vart samr. vald for 1 år.

8. **Målprisen 2018**
Harald Jordal delte ut og las opp styret sitt framlegg til Målpris for 2018.
Innstilling på Fonna Elektro AS vart samr vedteken. Grunngevinga vart send til prismottakar og til pressa.

9. **Prokura for laget**
Ingen hadde merknader til at denne saka vart sett på dagsorden.

Håkon Tverdal orienterte om mål og meining.
Styret har drøfta spørsmålet om prokura og er samde om behovet for eit vedtak på årsmøtet.

Forslag til vedtak er:

Prokura for Odda Mållag har kasserar **Håkon Tverdal** og rekneskapsfører **Marit Bleie Mannsåker**.

Forslaget vart samrøystes vedteke.

Odda 24.02.- / 27.02.2019
Harald Jordal
Møteskrivar

Stadfesting av rett protokoll:

Vigdis M. Knudsen

Vigdis Knudsen

Sigrid E. Lerbak

Sigrid E. Lerbak

Etter årsmøtet - kl 19.00
Ope møte. Nestleiareren i Noregs Mållag : Peder L. Hauge innleidde om Framtidsvegar i målarbeidet.